



Innst. 286 S

(2016–2017)

Innstilling til Stortinget fra arbeids- og sosialkomiteen

Meld. St. 23 (2016–2017)

Innstilling fra arbeids- og sosialkomiteen om Års-melding 2016 for pensjonsordninga for stortingsrepresentantar og regjeringsmedlemer

Til Stortinget

Sammendrag

Innleing

Lov 16. desember 2011 nr. 60 om pensjonsordning for stortingsrepresentanter og regjeringsmedlemmer (stortings- og regjeringspensjonsloven) blei sett i kraft 1. januar 2012. Frå same tidspunkt blei lov 14. desember 1951 nr. 11 om pensjonsordning for statsråder og lov 12. juni 1981 nr. 61 om pensjonsordning for stortingsrepresentanter oppheva.

I samsvar med lovens § 8-1 blir det her lagt fram ei melding om utviklinga i pensjonsordninga for stortingsrepresentantar og regjeringsmedlemer i 2016. Meldinga inneheld ei oversikt over dei viktigaste ytingane i pensjonsordninga etter nye og gamle oppningsreglar og ei oversikt over utviklinga i ordninga i 2016.

I kapittel 2 i meldinga er det gjort greie for pensjonsordninga.

Utvikling i 2016 for pensjonar opptent som stortingsrepresentant

Totalt 393 personar fekk ved utgangen av 2016 pensjon på bakgrunn av tidlegare oppteningstid som stortingsrepresentant (alderspensjon, uførepensjon eller etterlatnepensjon). Det er i kapittel 3 i meldinga gjort nærmare greie for gjennomsnittleg månadleg utbetaling, fordeling på kvinner og menn, samt gjennomsnittleg pensjonssalder.

Alderspensjon

Ved inngangen til 2016 var det 272 alderspensjonistar i ordninga mot 270 personar per 31. desember 2016. Det har vore ein avgang på 17 personar og ein tilgang på 15 personar.

Uførepensjon

Ved inngangen til 2016 var det éin uførepensjonist i ordninga. I løpet av året har det ikkje vore avgang eller tilgang på uførepensjonistar.

Uførepensjon blir ofte innvilga med verknad tilbake i tid. Det kan derfor framleis bli innvilga uførepensjon som gjeld for 2016.

Etterlatnepensjon (ektefelle- og bar nepensjon)

Ved inngangen til 2016 var det 115 ektefellepensjonistar i ordninga mot 119 personar pr. 31. desember 2016. Det har vore ein avgang på sju personar og ein tilgang på 11 personar.

Ved inngangen til 2016 tok tre personar imot bar nepensjon. Det har verken vore tilgang eller avgang av personar med bar nepensjon i 2016.

Rekneskap for 2016

Pensjonane blir dekte over kapittel 41 «Stortingset». I statsrekneskapen blei det utgiftsført 69 325 985 kroner til pensjonar og 1 603 647 kroner til administrasjonskostnader. Dette er om lag som i 2015.

Utvikling i 2016 for pensjonar opptent som regjeringsmedlem

Ved utgangen av 2016 fekk totalt 104 personar ein pensjon frå pensjonsordninga på bakgrunn av tidlegare oppteningstid som regjeringsmedlem (alderspensjon, uførepensjon eller etterlatnepensjon). Det

er i kapittel 4 i meldinga gjort nærmere greie for gjennomsnittleg månadleg utbetaling, fordeling på kvinner og menn, samt gjennomsnittleg pensjonssalder.

Alderspensjon

Ved inngangen til 2016 var det 72 alderspensjonistar i ordninga mot 75 personar per 31. desember 2016. Det har vore ein avgang på éin person og ein tilgang på fire personar.

Uførepensjon

Ved inngangen til 2016 var det to uførepensjonistar i ordninga. Det har ikkje vore tilgang eller avgang av uførepensjonistar i 2016.

Uførepensjon blir ofte innvilga med verknad tilbake i tid. Det kan derfor framleis bli innvilga uførepensjon som gjeld for 2016.

Etterlatnepensjon

Ved inngangen til 2016 var det 24 ektefellepensjonistar i ordninga mot 23 personar per 31. desember 2016. I løpet av året har det vore ein avgang på éin person.

Ved inngangen til 2016 tok fire personar imot bar nepspensjon. Det har verken vore tilgang eller avgang av personar med bar nepspensjon i 2016.

Rekneskap for 2016

Pensjonsordninga for regjeringsmedlemer får tilskot til under kapittel 612 «Tilskudd til Statens pensjonskasse». I statsrekneskapen blei det utgiftsført 13 572 857 kroner til pensjonar og 327 841 kroner til administrasjonskostnader. Dette er om lag som i 2015.

Sentrale hendingar i 2016

Det blei utført inntektskontroll på alle som tok imot pensjon etter 75-årsregelen. Denne regelen gir stortingsrepresentantar som har oppteningstid i den tidlegare pensjonsordninga for stortingsrepresentan-

tar, moglegheit til å ta ut pensjon før 65 år. Det blei sendt ut brev om dette i byrjinga av 2016, men kontrollen gjaldt for inntektsåret 2014.

Hausten 2016 blei det gjennomført etteroppgjer for uførepensjonistar som ut frå skatteoppgjeret for 2015 hadde fått utbetalte for mykje eller for lite uførepensjon.

Våren 2016 stod SPK på stand på stortingstorget, og medlemer hadde då høve til å stille generelle spørsmål om ordninga.

Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Dag Terje Andersen, Fredric Holen Bjørdal, Lise Christoffersen og Rigmor Aasrud, fra Høyre, Stefan Heggelund, lederen Arve Kambe, Bente Stein Mathisen og Bengt Morten Wenstøb, fra Fremskrittspartiet, Ingebjørg Amanda Godskesen og Erlend Wiborg, fra Senterpartiet, Per Olaf Lundteigen, fra Venstre, Sveinung Rotevatn, og fra Sosialistisk Venstreparti, Kirsti Bergstø, viser til Årsmelding for 2016 for pensjonsordninga for stortingsrepresentantar og regjeringsmedlemer og har ingen merknader.

Komiteens tilråding

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til meldingen og rår Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

Meld. St. 23 (2016–2017) – Årsmelding 2016 for pensjonsordninga for stortingsrepresentantar og regjeringsmedlemer – vedlegges protokollen.

Oslo, i arbeids- og sosalkomiteen, den 9. mai 2017

Arve Kambe

leder og saksordfører